



Naustdal-Gjengedal verneområdestyre

Postadresse
Naustdal-Gjengedal
verneområdestyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Sandane Næringshage
Sandane Senter, 3. etasje
6823 Sandane

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3138

fmvlpost@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/Naustdal-
Gjengedal

Rådgevande utval

Sakshandsamar Alf Erik Røyrvik

Vår ref. 2019/19446-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 04.11.2019

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Referat etter møte i rådgevande utval 2019

28.okt 2019 kl 14.30 – 17.00 på Skei hotell.

Desse møtte:

Inge Erikstad (Jølster), Nils-Magne Gjengedal (Hyen), Håkon Myrvang (verneområdestyret), Ole Gimmetad (Gloppen), Bjørg Kjos-Wenjum (Sunnfjord Utvikling), Rune Holen (naturoppsyn), Erik Solheim (Naturvernforbundet), Kjell Arne Hjellbrekke (Indre Sunnfjord Turlag) og Alf Erik Røyrvik (verneområdeforvaltar).

Sakliste:

1. Opning av møtet

Styreleiar i verneområdestyret Håkon Myrvang (HM) opna møtet og gjekk kort gjennom dei viktigaste sakene som styret har jobba med siste året.

2. Saker og forvaltning i 2019

a. Dei viktigaste sakene som styret og forvaltninga har jobba med siste året

Verneområdeforvaltar Alf Erik Røyrvik (AER) gjekk gjennom dei sakene som styret og forvaltning har jobba med i 2019.

- Dei fleste søknadssakene er motorferdselssaker som er kurante og får løyve med delegert mynde.
- Bygge- og inngrepssaker: Kupehytta, hytte på Osmundnesfjellet, Gjetarhyttesaka, Reflektorar til overvaking av fjellmassar på Osmundnesfjellet.
- Andre saker: Teltleir ved Storevatnet, besøksstrategi er godkjent, naturskade i juli
- Drone: Bruk av drone i verneområdet må søkast om (unntak berre for redning og for å berge beitedyr). Mange er ikkje klar over det. Både forvaltning og andre må gjere ein jobb for å informere om dette.



b. Tilbakemeldingar og innspel frå utvalet til styre og forvaltning

Spørsmål frå Nils-Magne Gjengedal (NMG): Kan ein transportere ut jaktutbytte med ATV?
AER: Uttransport av felt storvilt må ein søke om. Det har vore diskutert i styret og det skal primært brukast heilkopter.

Spørsmål frå Erik Solheim (ES): Har droner noko nyttefunksjon?
AER: Droner vert brukt mykje til å ta bilete og film. Men det vert og nytta til søk og redning, til inspeksjon av kraftlinjer og anna infrastruktur og til å lokalisere beitedyr.
Inge Erikstad (IE): Nyttar drone når ein skal lokalisere beitedyr og planlegge løysing av skårfaste sauer, eller leite etter daude dyr.

Innspel frå NMG: Det er særst synd at beitetilskotet for beiting i verneområdet vart fjerna. Det er eit tap på fleire titals tusen for enkelte beitebrukarar.

HM: vi skal ta det med oss og spele det inn til Klima- og miljødepartementet (KLD).

Spørsmål frå Kjell Arne Hjellbrekke (KAH): Vil utedo ved Kupehytta bli ståande open slik at forbipasserande kan nytte seg av den slik som dei kan med dagens utedo?

AER: Vi kan oppmode eigarane om det, men ikkje krevje det.

Spørsmål frå ES: Kvifor skal hyttene ved Arnestadstøylen ligge so spreiddt?

AER: Grunneigarane ynskte denne plasseringa av hyttene. Dei ville ikkje lage eit klyngetun eller eit nytt støylsmiljø som kunne «konkurrere» med Arnestadstøylen slik den er i dag.

NMG og IE: Det hadde vore betre om gjetarhytta ved Risbotnen skulle stått ulåst.

3. Tiltak i 2019

AER fortalde om dei tiltaka som har vore jobba med, og som framleis vert jobba med, i 2019:

- Trappene i Geitabykset er no ferdige. Ole Gimmestad (OG) fortalde litt meir om arbeidet og utfordringane der.
- Det har blitt lagt ei ny strekning med klopper innover langs Storevatnet slik at 2 av 3 km sti til Byrkjeneset no er ferdig utbetra.
- So har vi fått produsert informasjonsskilt som skal settast opp på Sandane og Jølster.

Kommentarar og spørsmål:

KAH: Kva med ansvar for tilrettelegging som til dømes trappene i Geitabykset?

Rune Holen (RH) og AER: Vi har ansvar for at det vi set opp har god kvalitet, er holdbart og riktig dimensjonert. Vi kan derimot ikkje ta ansvaret for folk sin ferdsel og deira bruk av infrastrukturen.

HM: Dette har verneområdestyret hatt ein grundig gjennomgang på.

Innspel frå ES: Ein må vurdere grundig kor mange slike tilretteleggingar ein skal gjere i norsk natur og kor det er naudsynt å gjere det.



AER: Slike vurderingar vert gjort, og det er ikkje sikkert dette ville vore aktuelt om det var inne i LVO. Dessutan vil økonomien avgrense kor ein kan gjere slike tiltak. Meterprisen er høg.

Innspel frå NMG: Klopplegging langs Storevatnet er eit godt og positivt tiltak. Men ein må ta omsyn til storfe sin ferdsel langs stien.

4. Kommune- og fylkessamanslåingar

AER informerte kort om kva kommune- og fylkessamanslåing vil ha å seie for verneområdeforvaltninga.

Truleg vil det verte ein representant frå nye Sunnfjord kommune. Det betyr at det neste verneområdestyret vil ha berre tre medlemmer.

5. Tiltak i 2020

a. Framlegg til aktuelle tiltak i 2020 frå forvaltninga

- Råsa frå buføringsvegen i Traudalen og vidare innover mot Dalsbøen
- Supplerande klopplegging i Instedalen
- Stien til Byrkjeneset, både utbetring av stien gjennom Ura og vidare klopplegging.
- Toppturparkeringane i Jølster
- Fleire informasjonsskilt
- Andre stiltak
- Skjøtselstiltak

b. Innspel om aktuelle tiltak frå utvalet

IE: Toppturparkeringsplassane er eit godt tiltak. Viktig for innfallsportane særleg i vinterhalvåret.

KAH: Ei lita bru ved Nesstølen i Naustdal bør reparerast.

6. Ymse

Ingen saker

Med helsing

Alf Erik Røyrvik
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent